



AUKSJON: Kunstnarane Anja Ulset (til v.) og Linda Rogn monterer eit bilete av Vilde Salhus Røed som skal auksjonert bort under Kulturnatt i kveld.

Kunstnarar auksjonerer – droppar galleriledet

Tolv kunstnarar i Bergen Ateliergruppe går saman om å selja kunsten sin sjølv på ein auksjon på Kulturnatt i kveld.

SIRI ØKLAND
EIVIND SENNESET (FOTO)
siri.okland@bt.no

–Kvifor held Bergen Ateliergruppe (BAG) kunstauksjon under Kulturnatt?

–Me tar saka i egne hender. Salsgalleria er det tradisjonelle formidlingsleddet, men det er mange kunstnarar i Bergen og få galleri. No sel me kunsten vår sjølv på denne måten, og går forbi galleristane, seier Linda Rogn, som er ein av kunstnarane som har atelier på BAG.

Sel mindre kunst i Bergen

Ho fortel at auksjonen er ein reaksjon på den diskusjonen som har vore i kunstmiljøet dei siste månadene: Kvifor er det slik at det blir selt halvparten så lite kunst i Bergen som f.eks. i Stavanger? Er det for få galleri her? Jobbar galleria godt nok for å selja samtidskunst?

–Me ønskjer ikkje galleristane bort. Tvert om, eg kunne ønskt det var fleire galleri som selde samtidskunst og lokal kunst, seier Rogn.

Betre butikk

Også Ragnhild Ohma har kunst å auksjonera bort i kveld. Ho seier at denne framgangsmåten

fakta

Kunstauksjon på BAG

- Tolv kunstnarar ved atelierfellesskapet BAG auksjonerer bort 23 kunstverk.
- Stykkverdien er mellom 2.500 og 60.000 kroner.
- Auksjonarius er Hallgeir Isdahl. Han er direktør i Sparebanken Vest og styremedlem i VISP, Producentenhet for visuell kunst.
- Kunstnarane kjem sjølv til å vera tilgjengelege i sine atelier på Dokkeskjærskaien 1, skur 24.
- I fjor gjekk omsetninga av kunst ned i Bergen og Hordaland, trass i at talet auka på landsbasis. Det blei omsett kunst for nesten 19 millionar kroner i Hordaland, mens talet for Rogaland var 39 millionar kroner. Det viser tal frå Bildende Kunstneres Hjelpesfond.

ikkje er ein kritikk mot galleria, men eit supplement til dei.

–Meiner du at galleria gjer ein god nok jobb for å selja samtidskunst?

–Eg skulle gjerne sett at det var fleire galleri, og fleire som satsa på unge kunstnarar, seier Ohma.

–Kva er den økonomiske forskjellen for kunstnaren når han ikkje sel gjennom ein gallerist?

–Kunstavgifta til Bildende Kunstneres Hjelpesfond vil vera den same, men eit galleri tar vanlegvis 50 prosent provisjon. Nokon tar mindre, andre meir.

–Så dette blir betre butikk for dykk?

–Ja, men det er ikkje salet som er målet på om Kulturnatt er vellykka for oss. Det er like viktig at det kjem folk og møter oss i atelier. Me ønskjer å skapa ein kontakt mellom oss kunstnarar og publikum, seier Ohma.

Tenkjer langsiktig

Både Rogn og Ohma tenkjer meir langsiktig enn denne fredagskvelden.

–No får kjøparane sjansen til å besøka oss på atelier, dei får møta oss kunstnarane, seier Rogn.

–Det er fint om folk får ei større forståing for kunst, og at dei dermed kanskje seinare kan få lyst til å kjøpa noko, seier Ohma.

–Verdien på kunstverka som blir auksjonert bort er mellom 2.500 og 60.000. Er det mange

kunstkjøparar blant Kulturnatt-publikummet?

–Me håper me når ut til fleire ved å vera med på Kulturnatt, men me har også sendt invitasjonar til ei rekke små og store bedrifter, seier Ohma.

–Me ønskjer å laga ei bru mellom samlarane og kunstnarane, seier Rogn.

Vil formidla

–Kva er den største utfordringa for kunstnarar som vil selja det dei lager?

–Me må ha eit publikum som er villige til å kjøpa kunst, eit publikum som ser verdien i kunst, seier Ohma.

Sal er likevel ikkje drivkrafta hennar:

–Me produserer ikkje primært for å selja, men fordi me vil formidla noko.

Overleva må dei like fullt.

–Det er viktig å selja kunst for at ny kunst skal bli produsert, seier Linda Rogn.

Kupp

Ohma fortel at kunstnarane sjølv har fastsett utropsprisen til kvart kunstverk, og at denne er lågare enn salsverdien.

–Så her kan folk gjera eit kupp?

–Ja, men dei vil gjera eit kupp også om prisen blir høgare enn verdien. Det viser at det er eit attraktivt kunstverk dei har kjøpt.

Opne atelier i hele byen

For første gong er kunstnarane sjølv med på Kulturnatt, og rundt 120 opnar atelier sine for publikum i kveld.

Under vignetten «B-open – Åpne Atelier» har bergenskunstnarane invitert folk til å sjå arbeidsprosessen sin annan kvart år dei siste åra. No flyttar dei heile seansen inn under den store Kulturnatt-paraplyen.

–Kvifor har de flytta dette arrangementet til Kulturnatt?

–Det allmenne publikummet er ute for å oppleva kultur i kveld. Me ønskjer å nå eit generelt publikum, og håper det blir mindre skummelt å koma for folk som ikkje kan så mykje om kunst, seier Marthe Elise Stramrud, produsent i interesseorganisasjonen B-open.

Skyttelbuss

Kunstnarane står sjølv ansvarlege for korleis dei vil presentera verka sine, og mange har eigen kunstguide for kvelden. Nokon held auksjon, andre held konsert eller performance, alle er på plass for å fortelja om det dei held på med. B-open si oppgave er å leggja til rette og informera.

–Kvart 20. minutt går det gratis skyttelbuss frå Festplassen til dei ulike atelierfellesskapa for dei som ikkje har lyst å ta turen til fots. På Festplassen og Michelsen bar viser me dessutan smakebitar av performance og annan kunst, fortel ho.

Skal teljast

Også barna får sin eigen B-Open. På Permanenten blir det dropp-inn-verkstad for barnefamiljar.

–Kva mål har de for B-open denne kulturnatta?

–Me håper at veldig mange kjem og ser på, at det blir fulle atelier. Alle har teljekorps på plass, så me får sjå, seier Stramrud.

Svensk støtte til norsk kulturpolitikk

–Norge har alt som Sverige saknar, skriv den kjende journalisten og forfattaren Åsa Linderborg i den svenske avisa Aftonbladet. Ho har besøkt Litteraturhuset i Oslo, og fortel at ho på veg frå togstasjonen passerte ni bokhandlar. –I Norge har dei faste bokprisar. Derfor eksisterer det breie og smale side om side, og bokhandelen er eit fysisk lokale, skriv ho vidare. – Det er mykje Norge har som me saknar. Ein offensiv kulturpolitikk, for eksempel.